

**Detaljregulering for Saltkjelen,
Lærdal kommune**

Planomtale

UTKAST

INNHALD

1	INNLEIING	3
2	BAKGRUNN	3
2.1	Nøkkelopplysningar	3
2.2	Generelt.....	4
3	ANDRE PLANAR	5
3.1	Kommuneplan	5
3.2	Tilgrensande planar	5
3.3	Andre planar, føringar, omsyn	6
4	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	7
4.1	Varsel om oppstart.....	7
4.2	Fråsegn i samband med varsel om planoppstart.....	7
5	SITUASJONEN I DAG	8
5.1	Lokalisering	8
5.2	Tilstøytande arealbruk	8
5.3	Eksisterande bygningar	9
5.4	Køyreveg, gang-/sykkelveg og offentleg kommunikasjon	9
5.5	Born og unges interesser	9
5.6	Landskap/topografi.....	10
5.7	Privat og offentleg servicetilbod	12
5.8	Soltilhøve.....	12
5.9	Naturmiljø, friluftsliv og grønne interesser	12
5.10	Kulturminneverdiar.....	14
5.11	Vatn og avlaup	15
6	SKILDRING AV PLANFORSLAGET	16
6.1	Innleiing	16
6.2	Reguleringsføre mål	17
6.3	Byggjeføre mål	18
6.4	Trafikkareal, parkering og anna veggrunn	19
6.5	Universell tilgjenge.....	21
6.6	Born og unge sine interesser og leik-/uteopphaldsareal.....	22
6.7	Massebalanse	22
6.8	ROS-analyse.....	22
6.9	Naturmiljø.....	23
6.10	Strandsone og friluftslivinteresser	23
6.11	Vatn og avlaup	23
6.12	Klima og energi.....	24
6.13	Trafikkstøy	24
6.14	Landskap	24
7	KONSEKVEN SAR AV PLANFORSLAGET	25
7.1	Overordna planar og gjeldande kommune- og reguleringsplanar	25
7.2	Konsekvensar for naboar.....	25
7.3	Trafikk- og parkeringsforhald.....	25
7.4	Trafikktryggleik for gåande og syklende	25
7.5	Universell tilgjenge.....	25
7.6	Born og unge sine interesser	25
7.7	Landskapsverknadar.....	25
7.8	Naturmiljø og naturmangfald	26
7.9	Friluftsliv.....	27
7.10	Kulturminneverdiar.....	27
7.11	Kommunaltekniske anlegg – VA	27
7.12	Trafikkstøy	27
8	VEDLEGG	27

1 Innleiing

Det skal leggjast til rette for etablering av 23 nye bustadar fordelt på 3 delfelt i Saltkjelen, Lærdal kommune, og samtidig opnast det for å etablere rekkjehus/lågblokk i inntil 3 etasjar i eitt av delfelta. Det er ynskjeleg å leggje til rette for bueiningar med god livsløpsstandard.

Det skal og etablerast nødvendig infrastruktur og leikeplass/bålplass for born og unge, samt at ballbinge kan etablerast. Planområdet ligg ca. 14-15 km søraust for Lærdal sentrum, og like ved Lærdalselvi.



Figur 2.1.1 Planområdet.

2 Bakgrunn

2.1 Nøkkelopplysningar

Gardsnr./bruksnr.	Gnr. 6 bnr. 1 mfl.
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)pl.)	Avsett i kommuneplan til bustad
Forslagsstillar	Lærdal kommune
Grunneigar (sentrale)	Lærdal kommune Finn Mo, Jan Mo og Erling Mo
Plankonsulent	Sweco Norge AS Arkitekt og landskapsarkitekt:

	Artec AS
Ny plan sin hovudføremål	Einebustad
Planområdets areal i daa	Ca.80 daa
Grad av utnytting	BYA=25%
Ant. nye bueiningar/ nytt næringsareal (BRA)	23 bueiningar
Aktuelle problemstillingar (støy, byggjehøgder, o. l.)	Hovudutfordringa har vore tilpassing av veg og flaum
Føreligg det varsel om motsegn (j/n)	Nei
Konsekvensutgreiingsplikt (j/n)	Nei
Kunngjering oppstart, dato	17.02.2017
Informasjonsmøte avhalde (j/n)	Nei

2.2 Generelt

Planområdet ligg i Lærdal kommune, Sogn og Fjordane. Området har tilkome frå Europaveg 16, via den kommunale vegen Saltkjelen. Føremålet med planen er å leggje til rette for nye bustadar i Saltkjelen, til saman 23 einebustadar, og samtidig opnast det for å etablere rekkjehus/lågblokk i inntil 3 etasjar i eitt av delfelta. Det skal også etablerast leikeplass for born og unge i området. Naudsynt infrastruktur skal etablerast i samband med tilkomst inn til bustadfeltet.


3 Andre planar

3.1 Kommuneplan

Kommuneplanen sin arealdel vart vedteke i 1995 og er derfor noko utdatert. Ny arealdel er i planprosess, og skal etter planen verte vedteken hausten 2019.

Samfunnsdelen vart vedteke desember 2018.


Planområdet ligg innanfor kommunedelplanen for E16 Tønjum-Ljøsne, og er avsett til bustadføremål (B3). Kommunedelplanen omfattar med anna framtidig vegline for E16 og anna arealbruk i området.



Figur 3.1.1 Utsnitt av arealdelen til kommunedelplanen. Planområdet ligg i hovudsak innanfor B3.

3.2 Tilgrensande planar

Planområdet grensar mot ein eksisterande plan, vedteke i 1977. Planen omfattar bygningsplan for det eksisterande bustadområde i Saltkjelen.



Figur 3.2.1 Tilgrensande reguleringsplan i Saltkjelen

3.3 Andre planar, føringar, omsyn

3.3.1 Regionale planar

Følgjande regionale planar, i Sogn- og Fjordane, er aktuelle for planarbeidet:

Fylkesdelplan for klima og miljø

Fylkesdelplanen og handlingsplanen for klima og miljø har som hovud- og overordna mål å ta del i dei nasjonale måla om å bli klimagassnøytral i 2030. Planane gjer og skildrarhovudstrategiar for korleis ein skal nå dette målet.

Regional transportplan 2018–2027

Regional transportplan Sogn og Fjordane er ein langsiktig regional strategisk plan for utvikling av transportområdet i Sogn og Fjordane. Planen inneheld mål for alle relevante delar av transportsystemet, samt strategiar og tiltak for å nå dei overordna måla.

Fylkeskommunen sin overordna visjon for transportpolitikken i Sogn og Fjordane er:

«Å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem som dekker samfunnet sitt behov for transport og som fremmer regional utvikling.»

Visjonen inneber at fylkeskommunen må gjere prioriteringar slik at ressursbruken bidreg i retning av følgjande tre hovudmål:

- Betre framkome for personar og gods i heile fylket
- Redusere transportulukkene i tråd med nullvisjonen
- Redusere klimagassutsleppa i tråd med ei omstilling mot eit lågutsleppssamfunn og tilpasse infrastrukturen til endra klima med meir nedbør.

Regional plan for folkehelse 2015–2025

Planen gjer føringar for ein samfunnsutvikling som skal fremja folkehelsa. Hovudmåla er følgjande:

- Fremje trivsel, deltaking og meistring som, saman med gode levekår, gjev god helse og livskvalitet for innbyggjarane i Sogn og Fjordane.
- Få folkehelse inn i alle politikkområde for å skape helsefremmande lokalsamfunn, jamne ut sosiale helseskilnader, sikre berekraft, føre-var tenking og medverknad («helse i alt vi gjer»).
- Utvikle gode system og rutinar for å førebygge sjukdom, skade eller lidning.
- Utvikle gode system for utvikling og bruk av kunnskap om helse og førebyggjande faktorar i samfunnet.

Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021

Planen fastset miljømål og korleis Sogn og Fjordane skal forvalte og verne vassressursane i eit langsiktig perspektiv, innanfor alle sektorar. Planen skal vere et verktøy for eit heilskapleg vern og berekraftig bruk av vatnet, ut i frå vassforskrifta. Vassforvaltningsplanen fastsett miljømål for elver, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn.

3.3.2 Rikspolitiske retningslinjer

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegging

Retningslinjene har som mål å sikre eit oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader. Det skal sikrast at oppvekstmiljøet har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetane som til ein kvar tid samsvarer med eksisterande kunnskap om barn og unge sine behov.

Dette vert ivaretatt i planforslaget ved at nærlekeplassen får høg kvalitet i utforminga.

Rundskriv /-5/99 B – Tilgjenge for alle

Rundskrivet tar opp korleis tilgjenge i dei fysiske omgjevnadene og omsynet til menneske med nedsett funksjonsevne kan sikrast gjennom planlegging etter plan- og bygningsloven. Plan- og bygningsloven sitt krav til tilgjenge framkjem av lova si § 77. Målet er at alle skal kunne nytte dei same fysiske løysingane i så stor grad som mogleg, enten det er bygningar, uteareal eller transportmiddel.

Dette vert ivaretatt i planforslaget ved at nybygg følgjer krava i TEK17. Planområdet er forholdsvis flatt og interne gangvegar og tilkomst til leikeplassen ivaretek universell utforming.

4 Planprosess og medverknad

4.1 Varsel om oppstart

Kommunestyret vedtok i møte 09.02.2017 å starte planprosess for Saltkjelen bustadfelt.

Oppstart av planarbeidet vart varsla med varselbrev til alle naboar og private og offentlege instansar den 17.02.2017. Planarbeidet vart varsla i Sogn avis, og frist for merknader vart satt til 11.03.2017.

4.2 Fråsegn i samband med varsel om planoppstart


Kommentarar til innkomne merknader er vedlagt, jf. vedlegg 6.

5 Situasjonen i dag

5.1 Lokalisering

Planområdet ligg ca.14-15 km søraust for Lærdal sentrum. Planområdet har tilkomst frå europaveg 16, via kommunalveg Saltkjelen, gjennom eit veletablert bustadfelt. Planområdet ligg like ved Lærdalselvi, noko som gjer god tilgang til friluftsområda langsmed elva. Lokaliseringa nær elva gjer og område noko meir utsett for flaum.

Innanfor planområdet er det to flaumvollar mot elva. Søraust for planområdet ligg bratte fjellsider mot fjella Hynjahovden (1018 moh.) og Byrkjastølsnosi (1364 moh.) og sør for planområdet går inngangen til dalføret Råsdalen.



Figur 5.1.1 Planområdet ligg søraust for Lærdalsøyri.

5.2 Tilstøytande arealbruk

Mot nord grensar planområde mot eit eksisterande og vel etablert bustadfelt, bestående av 42 einebustadar. Planområdet er elles omslutta av Lærdalselvi.



Figur 5.2.1 Eksisterande bruk.

5.3 Eksisterande bygningar

Det er ingen eksisterande bygningar i planområde.

5.4 Køyreveg, gang-/sykkelveg og offentleg kommunikasjon

Tilkome til planområdet går frå europaveg 16, via kommunal veg Saltkjelen og delvis på privat veg ved Saltkjelen nr. 32-42. Ein køyrer igjennom delar av det eksisterande bustadfelt for å kome til planområdet. Fartsgrensa på E16 forbi planområdet er 60 km/t, mens fartsgrensa på Saltkjelen er skilta som 30-sone.

I krysset mellom Saltkjelen og E16 er det i dag busshaldeplass som mot aust betener både lokal- og regionalbussar; nr. 14-103 og nr. 603, samt nasjonale bussar nr. NX 170 til Oslo og NW 162 til Lillehammer. Mot vest betener haldeplassen dei lokale- og regionale bussane nr 603 til Lærdal, nr. 14-103 til Sogndal via Lærdal sjukehus, nr. NX170 til Førde og NW162 til Bergen.

Langs E16 er det i dag ikkje eige gangtilbod for mjuke trafikantar.

5.5 Born og unges interesser

Det er i dag nokon spor etter barn og unge i planområdet. På ein av teigane til gnr. 6 bnr. 20 er det i dag eit huskestativ, utan huskar, og eit stativ med stige og rutsjebane. Det er i tillegg laga ein trehytte like ved denne eignedomen. Alle lekestativa og område rundt ber preg av at det er lite brukt, då graset ikkje er trakka ned, og huskane ikkje heng oppe.




Figur 5.5.1 Venstre: Gjengrodd leikeplass.

Høgre: Delvis gjengrodd fotballbane.

Både ballplassen og ein liten sandkasse ved denne er i dag overgrodd og det er lite teikn til at desse vert nytta i stor grad.


Lenger inn i planområde, like bak ballplassen, ligg det ein liten plass som blir brukt som bål plass. Plassen er i dag fylt opp med material til bål og er jamleg i bruk.



Figur 5.5.2 Bål plass.

5.6 Landskap/topografi


Landskapet i planområdet er flatt og skrånar ned mot Lærdalselvi. I botn av skråninga er ein mindre arm av Lærdalselvi. Over sideelva går det fleire mindre bruer som gjer tilgang til hovudelva.



Figur 5.6.1 Oversiktskart som viser helling i planområde. All helling under 5 grader er fjerna (grått) for å synleggjere kor flatt området er.

Lærdalselvi er ein delvis meandrerande elv som byrjar der elvene Smedøla og Mørkedøla møtast. Nedslagsfeltet til elvene er på 1173 km² og er det største vassdraget i Sogn og Fjordane. Lærdalselvi har hatt fleire større flaumar og har endra laup fleire gongar. Elva er regulert og det kan avgrense storleiken på flaumane. Den siste store flaumen var i 1971.

Landskapet rundt planområde er elles prega av høge fjell som Hynjahovden og U-dalar.



Figur 5.6.2 Topografisk kart over planområdet.

5.7 Privat og offentlig servicetilbud

Planområdet ligg ca. 14 km frå Lærdalsøyri Barne- og ungdomsskule og ca. 14-15 km. frå Borgund barneskule.

Planområdet ligg ca. 3,3 km frå næraste daglegvarebutikk, og ca.14-15 km frå Lærdal sentrum kor ein finn dei fleste servicetilboda som apotek, kaféar, detaljhandel, post, hotell osv.

I Lærdal sentrum ligg også offentlege tenestetilbod som sjukehus, sjukeheim, NAV, lege- og tannlegeklinikkar, helsesenter osv.


5.8 Soltilhøve

Lærdal kommune er prega av høge fjell som ofte kastar skugge i dalane, spesielt i vinterhalvåret. Soltilhøve i Saltkjelen er gode, mykje på grunn av plasseringa kor to dalføre møtast. Dette førar til at sola vert synleg sjølv når sola står lavt om vinteren.

5.9 Naturmiljø, friluftsliv og grønne interesser


Området rundt Saltkjelen og langs Lærdalselvi er mykje i bruk til både friluftsliv og fiske. Det er lett terreng å gå i og eit populært turområde. Elva er i dag lakseførande dei nedste 25 kilometrane. Lærdalselvi renn ut i den nasjonale laksefjorden Sognefjorden.

Det er godt med turstiar og fiskeplassar langs elva, og det er sitteplassar tilgjengeleg.



Figur 5.9.1 Venstre: Tursti.

Høgre: Fiskeplass.



Figur 5.9.2 Benkar og bord idyllisk plassert ved elva.




Figur 5.9.3 Utsikt mot Råken.

5.10 Kulturminneverdiar

Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRÅK-bygg i eller tilgrensande planområdet, men det er fleire kulturminne på Moane søraust for planområdet, jf. figur 5.10.

Elva har forma dalføret gjennom Lærdal, og på grunn av store flaumar tok elva ofte nye løp. Storstilt elveforebygging i 1890-åra temma elva, og gards- og bustadaktiviteten langs elva auka. I tillegg er massane tilkøyrde massar frå utbygginga av Stuvane kraftverk. På grunn av elva si aktivitet og tilkøyrde massar er det særst lite potensiale for funn av kulturminne i Saltkjelen.



Figur 5.10.1 Registrerte kulturminne (kjelde Riksantikvaren).

5.11 Vatn og avlaup

Området består i dag av grøne flatar aust og sør for gnr. 6 bnr. 30. Terrenget har ein topp like søraust for gnr.6 bnr.30 med svak helling vest mot Lærdalselvi og nord mot eksisterande bustadar, med litt meir helling sør og aust mot Lærdalselva. Nord for tiltaksområdet er det i dag bustadar. I øst, sør og vest renner Lærdalselva i boge rundt tiltaksområdet. For vidare skildring sjå vedlagt VA-rammeplan.

5.11.1 Vassforsyning

Den næraste kommunale vassleidningen er en Ø100mm langs vestsida av gnr.6 bnr.60 som ifølge VA-kartgrunlaget ender ved pumpestasjonen sørvest for gnr. 6 bnr. 60.

5.11.2 Brannvassforsyning

Ved eksisterande bustadar nord for tiltaksområdet er det i dag fire brannhydrantar, jf. teikning GH003. Samtidig har kommunen tankbil tilgjengeleg.

5.11.3 Spillvatn

Det er i dag en pumpestasjon for spillvatn like ved tiltaksområdet, sørvest for gnr. 6 bnr. 60.

5.11.4 Overvann, nedbørsfelt og flaumvegar

Det vert antekt at tiltaksområdet har god kapasitet til å infiltrere overvatn til grunnen. Nedbørsfeltet er antatt avgrensa av eksisterande bustadar i nord og i vest, samt Lærdalselva øst, sør og vest for tiltaket.

Ved ekstremnedbør vil Lærdalselvi og terrenget mellom tiltaksområdet og elven fungere som flaumveg. Det vises til teikning GH002.


Ut i frå kart over eksisterande VA, mottatt frå Lærdal kommune, er det ikkje eksisterande overvassleidningar i tiltaksområdet. Det vises til GH001.

6 Skildring av planforslaget

6.1 Innleiing

Planforslaget legg til rette for 23 nye einebustadar, og samtidig opnast det for å etablere rekkjehus/lågblokk i inntil 3 etasjar i eitt av delfelta. Det er ynskjeleg å leggje til rette for bueingar med god livsløpsstandard.


Bustadområda skal byggjast som tun med 3 - 4 bueingar, med tilhøyrande infrastruktur. Tilkomsten til planområdet går via den eksisterande kommunale vegen Saltkjelen. Viktige gang samband mot Lærdalselvi er sikra i reguleringsplanen.



Figur 6.1.1 Utsnitt frå illustrasjonsplanen.

6.2 Reguleringsføremål

§ 12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Felt navn	Areal (daa)
Bustader	B	7,5
Frittliggjande småhus	BFS	14
Leikeplass	BLK	1,5
§ 12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
Veg	SV	1,1
Køyreveg	SKV	3,1
Annan veggrunn – grøntareal	SVG	2,2
Parkering	SPA	0,3
§ 12-5. Nr. 3 – Grønstruktur		
Grønstruktur	G	1,5
§ 12-5 Nr. 5 - Landbruks-, natur og friluftsføremål og reindrift		
Friluftsføremål	LF	36,9
§ 12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone		
Friluftsområde i sjø og vassdrag	VFV	12,0



Figur 6.2.1 Utklipp av plankartet.

6.3 Byggjeføremål

Felt BFS1 – BFS2

Planforslaget tilrettelegg for 23 einebustadar, med tilhøyrande infrastruktur og leike- og opphaldsareal. Samtidig opnast det for å etablere rekkjehus/lågblokk i inntil 3 etasjar i felt B1.

Einebustadene vert etablert i ein tunstruktur, med 5 tun med 4 bueingar og 1 tun med 3 bueingar. Eigedommane har ein storleik på mellom 800-1000 m².



Figur 6.3.1 Utsnitt av illustrasjonsplan, med tomteinndeling og -storleik.


Felt B1

Det opnast det for å etablere rekkjehus/lågblokk i inntil 3 etasjar i felt B1, og det er ynskjeleg å leggje til rette for bueiningar med god livsløpsstandard. Det vert tillate med 3 etasjar og andre takformar enn saltak i heile feltet.


2 eller fleire tomtar kan verte slått saman til ein større tomt for oppføring av rekkjehus eller lågblokk, eller ein kombinasjon av desse.

6.4 Trafikkareal, parkering og anna veggrunn


Vegen i planområde vert bygd som ein samleveg, med avkøyrslar som betener tun/gardsplass, på 3-4 bustadar. Denne løysningen vart valt som eit av to alternative vegføringar under arbeidet med reguleringsplanen. Det valte alternativet er å rekne for å vere det som tek minst areal til veg og infrastruktur, samt at ein følgjar same struktur på vegen som i tilgrensande bustadfelt. Dette gjer i tillegg færre avkøyrslar til tilkomstvegen, noko som betrar trafikktryggleiken på vegen.



Figur 6.4.1 Oversiktsteikning av veganlegget.



Figur 6.4.2 Normalprofil av offentlig kjøreveg.



Figur 6.4.3 Normalprofil av fellesveger til bustadane.

Parkering

Like nord for felt BFS1 er det tilrettelagt for parkeringsplass med kapasitet til 4 bilar. Det regulerte arealet er noko større sidan bilane gjer all manøvrering inne på parkeringsplassen. Med tanke på trafikktryggleik er det viktig at bilane kan snu inne på parkeringsplassen for å unngå å måtte rygge ut i køyrevegen.



Figur 6.4.4 Parkeringsplass med snuhammar.

6.5 Universell tilgjenge

Universell tilgjenge vert ivareteke i planforslaget. Planområdet er i hovudsak flatt, og tilgjenge er god til alle uteområde, inkludert leikeplass og bål plass.

6.6 Born og unge sine interesser og leik-/uteopphaldsareal

Det er nokre spor etter barns leik innanfor planområdet, som skildra i kap. 5.5. Det går i tillegg ein rekke stiar gjennom området, mellom eksisterande bustadfelt og elva. Det vert i planarbeidet sikra område til leik og opphald både for dei yngste og dei eldste borna.

Sidan leikeområde i dag er lite i bruk vert det flytta til område kor ballplassen ligg i dag.

Bålplassen vert flytta men vil framleis vere samlingsstad for nabolaget.

6.7 Massebalanse

Overskotsmasse i utbyggingsområde skal så langt som mogleg brukast innanfor planområdet, til dømes til standsetting og tilarbeiding av terrenget og flaumvollar. Plan for bruk av overskotsmassar innanfor planområdet skal vera klar og godkjennast av kommunen før igangsetting av tiltak innanfor planområdet.

6.8 ROS-analyse

I arbeidet med ROS-analysen er det identifisert 3 moglege uønska hendingar som det er foreslått risikoreduserande tiltak for. Sannsynet for kvar hending er vurdert samt moglege konsekvensar for «liv og helse», «økonomiske/materielle verdiar» og «miljø».

Dei identifiserte hendingane er samla og plassert i risikomatriksen under. Bokstavane LH, ØM og M i matriksen merker at hendingane er vurdert til å kunne få konsekvensar for «liv og helse», «økonomiske/materielle verdiar» og «miljø».

	K1	K2	K3	K4	K5
S5	ØM: 10. Ekstrem nedbør og overvatn				
S4		ØM: 3. Flaum i vassdrag		LH: 24. Trafikkulukker - anleggstrafikk	
S3					
S2					
S1					

Det er foreslått fleire tiltak som vil bidra til å senke det totale risikobildet for det aktuelle planområdet.

ID Nr	Uønska hending	Høgaste vurderte risiko før tiltak	Skildring av anbefalte tiltak	Vurdert risikonivå etter tiltak
3	Flaum i vassdrag		- Byggjehøgde over 200 års flaum	
10	Ekstrem nedbør og overvatn		- Flaumveggar må dimensjonerast for regnskylfrekvens på 200 år.	
20	Trafikkulukker anleggstrafikk		- Skilting, vert følgt opp i arbeidsvarslingsplan.	

6.9 Naturmiljø

Den unge bjørkeskogen sentralt i planområdet vert fjerna, men all vegetasjon langs elva vert ikkje påverka av tiltaket.

6.10 Strandsone og friluftssinteresser

Planen vil kunne føre til at nokre av stiane til elva og bruene som forbinder planområdet til andre dalar og friluftsområde blir noko endra på, men tilgjenge til elva og bruene vert sikra gjennom planen. Passasje ned mot elva vert oppretthaldt, og det vert tilrettelagt for kryssing over veg.



Figur 6.10.1 Kartutsnitt av illustrasjonsplan som visar passasje/stiane ned til elva.

6.11 Vatn og avlaup

6.11.1 Vatn

Planlagt påkopling av tiltaksområdet til kommunal $\varnothing 100\text{mm}$ vassleidning ved pumpestasjon sørvest for gnr. 6 bnr. 60. Planlagt vassleidning og påkoplingspunkt til det kommunale leidningsnettet er illustrert på vedlagt VA-plan, GH001. Brannvann dekkes ved to 2 nye brannhydrantar i området. Samtidig har kommunen tankbil tilgjengeleg.

6.11.2 Spillvatn

Spillvatn frå planlagde bustader vert kopa på kommunal spillvasskum ved pumpestasjon sørvest for gnr. 6 bnr. 60. Planlagt spillvassleidning og påkoplingspunkt til kum ved pumpestasjon er illustrert på vedlagt VA-plan, GH001.

6.11.3 Spillvasspumpe

Det vert anteke at spillvasspumpene vil få ein auka belastning på ca. 3,2 l/s. Det bør samanliknast kapasitet med eksisterande spillvasspumper og dagens belastning, samt vurderast om det er kapasitet til den auka belastninga på ca. 3,2 l/s, eller om pumpene bør erstattast med større pumper etter tiltaket.

6.11.4 Overvatn

Overvatnet som treff tiltaksområdet vert samla opp før det vert sleppt ut i terrenget mot Lærdalselvi vest for tiltaket via nye overvassleidningar.

6.12 Klima og energi

I planforslaget er det ikkje satt krav til alternative energiløysingar og ladepunkt for el. bil. Dette er tilhøve som skal vurderast i byggesak.

6.13 Trafikkstøy

På E16 er det i dag ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 2500 (tal frå NVDB, uttak oktober 2018) og planområde ligg ca. 250 meter frå vegen. Det er ikkje registret trafikkstøy innanfor planområdet og tiltaket medfører ikkje ytterligere støybelastning for området.

6.14 Landskap

Sidan landskapet er relativt flatt i dag vil det ikkje vere behov for endringar i planområde som medfører vesentlege konsekvensar for landskapet eller terreng. Det vil kunne vere behov for mindre terrengtilpassingar på kvar eigedom, samt noko terrengtilpassing for vegen inn i bustadfeltet, men ingen av tilpassingane vil ha særleg fjernverknad for områda rundt planområde.

7 Konsekvensar av planforslaget

7.1 Overordna planar og gjeldande kommune- og reguleringsplanar

Planforslaget er i samsvar med overordna plan. Området er i dag uregulert.

7.2 Konsekvensar for naboar

Gnr.6 bnr.44 og gnr.6 bnr.34 får tilkomstvegen inn til det nye bustadfeltet delvis inn på eigedomane. Saltkjelen 2, 4, 6, 32, 34 og 36 vert næraste nabo til den nye tilkomstvegen, og vil få trafikk køyrande forbi.

Elles vil eksisterande bustadar få fleire bustader opp mot eigedommane sine, og det vil bli ei auka aktivitet på leike- og opphaldsareal i området.

7.3 Trafikk- og parkeringsforhald

Planen fører ikkje til ein vesentleg auke i trafikkmengda, men vil kunne få påverkingar spesielt for 6 bustadar, sjå punkt 7.2.

Parkering vil skje på kvar eigedom for bustadane og vil derfor ikkje føre til meirbelastning for vegnettet elles.

Eigen gjesteparkering/utfartsparkering vil medføre færre bilar som parkerer langs køyrevegen i bustadfeltet.

7.4 Trafikktryggleik for gåande og syklende

Det vil bli nokke auke av trafikkmengda på det eksisterande vegnettet i Saltkjelen, men ikkje vesentleg i forhold til eksisterande bruk. Vegen er dimensjonert som samleveg, Sa1 med ein breidde på 6 meter og fartsgrense 30 km/t, i hen hald til handbok N100. Vegen er soleies tilstrekkeleg dimensjonert for den nye bruken av vegen. Trafikkmengda er derfor ikkje å regne som hinder verken for framkome eller tryggleik for gåande og andre mjuke trafikantar på vegen. Med låg fartsgrense i område og lav ÅDT leggjast det opp til at mjuke trafikantar nyttar køyrebanen, i henhald til Statens vegvesens handbok N100, B.2 fortau.

7.5 Universell tilgjenge

Universell tilgjenge blir ivaretatt i planforslaget. Planområdet er i hovudsak flatt, og tilgjengelegheita er god til alle uteområde og leikeplassen.

7.6 Born og unge sine interesser

Det vil være nødvendig å oppretthalde tilkome til elva gjennom planområdet, då bustadane plasserast slik at deler av dei eksisterande stiane blir noko hindra. Stiane som i dag leder til burar som kryssar elvearma like ved plangrensa blir sikra.

I tillegg må det leggjast til rette for leikeområde som i varetar born og unges interesser. Dagens ballplass vert fjerna, men like aust for område ligg ein ballbinge som tydeleg er meir i bruk. På område kor ballbingen i dag er plassert vert det opparbeida ny leikeplass for born og unge

7.7 Landskapsverknadar

Sidan landskapet er relativt flatt i dag vil det ikkje vere behov for endringar som gir nokon vesentlege konsekvensar for landskapet, terreng og elles fjernverknadar. Det vil kunne vere behov for mindre terrengtilpassingar på kvar eigedom.

7.8 Naturmiljø og naturmangfald

Kunnskapsgrunnlag og planen si verknad, jf. NML §§ 8 og 9

Planområdet ligg i dag på eit område som består hovudsakleg av breelavsetningar, såkalla glasifluvialt materiale. Det er eit tykt og stabilt dekke av dette innanfor planområde. I tillegg består planområde av fyllmassar frå tidlegare bygningsarbeid i Lærdal kommune.

Vegetasjonen i område er noko spreidd, med mosedekke på grunna og elles spreidde lauvtrær av ulik sort, hovudsakleg bjørk. I skråninga mot elva er det variert busker og kratt.



Figur 7.8.1 Typisk vegetasjon i planområdet.

Det kan synast ut frå dette som rimeleg at influensområdet settast lik planområdet i vurderingane av planverknad for naturmangfald.

Det føreligg ingen registreringar av viktige naturtypar eller utvalde naturtypar, jf. nml. § 52. Det er ein registrering av raudlistearten gulsporv (NT) i planområdet i Artsdatabanken, jf. nml. § 23. Gulsporven lever i ope terreng med buskar eller nær dyrka mark over det meste av landet. Det er uvisst om gulsporven hekkar i området, men det er mange passande hekkeplassar for gulsporven i området rundt.

Planområdet er lett tilgjengeleg og mykje i bruk, og det er sær s lita uvisse knytt til kunnskapen om naturmangfaldet.

Planverknad for naturmiljø, jf. nml. § 8, vert vurdert på denne bakgrunn som lita/ingen.

Kunnskapsgrunnlaget synast å være tilfredsstillande, med liten uvisse. På denne bakgrunn ser vi på det som ikkje å vere behov for å vektlegge føre-var prinsippet, jf. nml. § 9, i saken.

Samla belastning, jf. NML § 10

Føreliggande plan synast ikkje å bidra til nemneverdig auka belastning av naturmangfaldet i planområdet. Vi er ikkje kjent med at det føreligg andre planar i nærleiken som på sikt vil kunne bidra til å auke den samla belastninga på naturmangfaldet i planområdet.

Miljøoppfølging og driftsmetodar, jf. NML §§ 11 og 12

Realisering av planen vil følgje gjeldande lover og krav for byggetiltak. Det er ikkje avdekket behov for særskild miljøoppfølging eller driftsmetodar.

Alternativ lokalisering, jf. NML. § 12

Planområdet er avgrensa, og gitt ut frå eksisterande bustadfelt og Lærdalselvi. Det er ikkje vurdert alternativ lokalisering.

7.9 Friluftsliv

Planen gjer ingen vesentlege konsekvensar for friluftsliv. Som beskrive under 7.6 vil det vere behov for å sikre tilgjenge til elva gjennom planområde, då eksisterande stiar til veggen vil bli noko påverka av planen.

Den nye parkeringsplassen kan med anna nyttast av laksefiskarar og turgåarar i området.

7.10 Kulturminneverdiar

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminna innanfor planområdet.

7.11 Kommunaltekniske anlegg – VA

Det vert antekt med berekningar frå bustadfeltet at spillvasspumpene vil få ein auka belastning på ca. 3,2 l/s. Det bør samanliknast kapasitet med eksisterande spillvasspumper og dagens belastning, samt verte vurdert om det er kapasitet til den auka belastninga på ca. 3,2 l/s eller om pumpene bør erstattast med større pumper etter tiltaket.

7.12 Trafikkstøy

Tiltaket vil ikkje medføre noko vesentleg auke i trafikkstøy til omkringliggjande områder eller i planområdet, jf. kap. 6.13.

8 Vedlegg

1. ROS-analyse, datert 15.11.2018
2. Illustrasjonsplan, datert 23.10.2018
3. Vegteikningar, datert 27.09.2018
4. VA-rammeplan datert, datert 22.08.2018
5. Flaumvurdering, datert 2019
6. Merknader